

NORSK Etnologisk Gransking

Emne nr. 3.

Buskerud fylke.

Emne Brynnet.

Uvdal Herred

Opskr. av Anna Samuelsen

Kjerkjebygda.

adr. Uvdal

Gr. nr. 61. br. nr. 5.

Hjemmelmann Knut O. Braaten . 82 aar gl.  
(gardbrukar).

1).

Det vanlege navnet paa bryne er "bryne".

Navnet hein brukas ikkje her om nokonslags bryne.

Det heite :O bryne, e maa bryne,,e ha brynt.

2)

No bruke dei mest bryne av kunststein. Naturleg brynestein fins i bygda . Ifraa gamal tid hogde dei ut brynu av Braataberget i Uvdal og Hallandsfjellet i Nore. Det sistnevnte fjelle var best til brynestein .

Ola Braaren (Knuts far) født 1799 d. 1887. Han eigde Braataberga t , han hogde sjøl brynun utor berget , so la han dei i lærskreppa og drog ront i heile prestegjellet og langt utaaver dalen og selde brynun. Han braut og pipeheller or berget og selde dei for kr 1,60 naar dei sjølve henta dei paa garden hans.

Prisen paa brynu fek eg ikkje greie paa, men dei var no billigare.

3.)

Alle redskaper blir naa først slipt paa ein rund slipestein og etterpaa gvest med bryne. Dei brynun som vart hogd utor Hallandsfjelle var veldig goe sa Knut braaten, han og Ola Bergseidjorde hadde vert derute eingong og hogd seg kvar sit bryne , det var det beste bryne han nokonsinne hadde aatt, sa Knut.

4.).

Ola, far hass Knut-kona hukse den tie daa dei

tynna ljaaen paa ambølten istellafer o slipe ñ ,

Det var før den ti daa ronde slipesteina var kome.

Ronde slipesteina kom helst omkring 1808- lo, det er ting se  
ting som tyer paa det , noko sikkert veit ein ikkje.

Eg snakka med Halvor Mykkestue (72 aar) om detta igaar-  
kvell, han hadde paa tomta etter den gamle tingstugo  
som eingong stod der ) funne ein halvdeil av ein rund  
slipestein , det var berre 6-7 tomma , hadde altso vore  
12- 14 tomma i diameter , paa samre tomte fant han ein-a  
aabrøtin tynningsljaa. Den var paa fasong som dei som  
er i bruk no . Samstondes fant han ein heil deil ørsmaa  
utslitte steinbrynu .

Om dei brukta ein sers ambolt til aa tynne  
ljaaen paa har eg ikkje faat greie paa. "Dragslested" er  
iallefall eit ukjendt navn her. Dei brukta iallefall hammer  
til aa tynne ljaaen med.

Tynningen av ljaaen vart utført i smia som  
i den tia var paa kvar einaste gard. Arbeie vart sik-  
kert utført av mannen sjøl paa garden, eli av den vaksne  
sonen hans, for deg vart ikkje rekna for ein skikkeleg  
bonde i den tie, hvis han ikkje greide aa smie alt det  
som høirde til gardsbruket. Sigs og sjyru vart gvest  
paa samre maatin som ein ljaa.  
5).

Ola Braaren (far hans Knut) hadde sett at dei slipa  
paa ein stor flat stein som laag ved huset , Det var  
nok helst etter ljaaen var tynna i smia at dei brukta aa  
gvesse ljaaen paa den flate steinen. Knut Braaten hadde  
set slike flate slipesteina, dei laag no att her og der  
trudde han, men han kona ikkje hukse kor han hadde sett  
slike. Slike steina sto altid ved huset, dei var for  
tongvinte aa ta med set burti slaatteteigan.

Ingen har i manns minne brukta slike slipesteinar.

Kor gamal skikke var aa tynne ljaaen og bruke flate slipesteinar er det ingen som veit, men ~~thegega~~ flate slipesteinar kom sikkert or bruk fraa dei fyrste aaran etter aar 1800 ettersond ei ronde slipesteinan vart aa faa. Tynning av ljaaen vara sikkert nokolenger, daa eg har høirt maange eldre snakke om desse, men flate slipesteinar høire ein aldrig om - utan ein grev aa spør om det.

6).

Ei det steinfri og god slaat er det vanleg at ein ljaa skal kunne brukas ei sikt før ein slipe i paanyt, men er det mykje stein og sand i slaatten maa ein nok ~~slippe~~ tiare. Greie seg uta slipestein til ljaaen har me aldri høirt gjete.

7).

Dei bruke vanleg berre eit bryne til ljaaen no, det hende nok at dei paa slaat der det er mykje sand i grase har eit grøvre og eit finare bryne med seg i bryneputtene.

Før bruka dei fyrst "sandstikka" og etterpaa bryne naar dei brynte ljaaen.

Ei "Sandstikke", dei kalle, er ein tunn flat trespae ca, 25 cm, laang og 3-4 cm. brei, med likesom eit haandlak i den eine endin, den er av hart ved, helst bjørkt, den er fyrst innsmurt med tjere og måns den er vaat paastrøid rektig fin sand. Den sto ved sida av bryte i bryneputtene som var vatn i. Sandstikka hadde dei sjøsakt med heimantil, det hadde ikkje høve til aa laga ei slik ei skulde dei greie aa slaa noko som var.

8.

Ljaaen bli altid tiki etter orvet naarden skal slipast. Det er ikkje avhengig av festegreirne, men det gaar ikkje an aa slipe ein ljaa i orvet skal det

bli nokonslags greie paa sløpinga. Ein helt altid eggen mot seg naar ein sliper ljaa, sigd og sjyru eli lauvkniv, det er berre hoggjern, høvveltenner og kniver ein helt eggen fraa seg naar ein sliper.

9.)

Naar ein bryner ein langljaa datt ein enden av ~~eme~~ orve neri marka og støer ljaaen med venster og bryner med høgre handa hvis ein ikkje er kjeivhendt, ellers er de ~~met~~<sup>sa</sup> motsatt. Naar ein bryner stuttljaa setter ein orvet mellom beina og bryner likedan. Baade ved sliping og bryning av ljaa sliper ein først ljaaen paa unnersiden( den som venner mot marka naar ein slaar ) paa den maaten kjem "roa" paa unnersiden hvis ein ikkje greier aa slipe so fint at det ikkje blir "ro". Naar ein bryner ein ny-slipa ljaa maa ein berre stryke den varsomt paa unnersida for aa faa vekk "roe", saa slaa~~f~~ ein noen faa hogg med ljaaen , og daa bli den brynt forsiktig paabegge sier dei fyrste gonger, seinare naar den bli meir utskjemt blir den brynt hardare.

10.

Brynekoppen kaller dei for "bryneputtene". Den er laga av 4 smaa tynne trestykker med bunn i . For aa faa den tet er den veivet utvendig med ca. 2 cm. brede rimser av bjørkenever.

11.

Bryneputter av horn er ikke her.

12.

Bryne puttet blir hengt i en jernkrok bak i bukselinningen .

13. I bryneputtene er det altid vand som brynet staar i , sandstikka stod i samre putten dengang dei brukte slike.

14).

Melet som kjem fram ved bryning kallas for "brynesaus".

15).

Brynesausen trudde dei nok skulde hjelpe mot Ringer-  
orm, no trur dei vel mindre paa det.

16).

Mot hald ell' styng har ein ikkje høirt aat brynesaus skal hjelpe.

17).

Gamle Ola Braaten brukte altid aa legge i ei mauretue - ei viss tid-dei brynun han syntes var for harde og han paastod bestemt at det hjalp paa dei.

18).

Me har aldri høirt segn om at bryne talar.

19).

Meller ikkje at nokon sa noko sers naa dei sputta paa brynet.

20.)

Ingen segn om remser eller viser ein si fram unner bryninga er kjendt her.

slutt.

3363

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING